

20.mai 1987 låg eit utbrent vrak ved Sandvikvåg. Vraket var Stord 1 og fåren var overhengjande for at dette nyrestaurerte kulturklenodiet hadde sett sine siste dagar. Men nostalgikarar ville det annleis og no er den stolte skuta i fin form og på veg inn i sitt andre hundreår.

Hundreåringen vert skikkeleg feira, ikkje minst med jubileumsboka som lanserast laurdag ombord i båten på hamna i Bergen. Uskedelingen Harald Sætre har vore sentral i arbeidet med den grundige boka som blir seld ombord eller via Sætre og Kristian Bringedal.

Båten er snart ferdig restaurert og vert synt fram på Stordfest sist i juni og på Tysnesfest fyrste helga i juli. Til Uskedalen kjem han tydelegvis ikkje sjølv om vi er representert på den lange lista over tidlegare stoppestader.

Tidlegare sjef for Sjøfartsmuseet Bård Kolltveit er ein tung bidragsytar til boka og kallar Stord 1 'vår siste klassikar'. Hans gjennomgang ombord i båten slik han var i 1913 er interessant også for landkrabbar. Stord var verkeleg eit kvalitetsprodukt i si samtid.

I tillegg til funksjonen som redaktør for jubileumsboka har Sætre skreve artiklar om periodane 1983/87 og 1987/1998 og han har teke mange bilete som ikkje minst illustrerar den lange restaureringsprosessen, Sætre skriv rørende om opplevingane av båten i barndommen i Uskedalen. Det gjorde inntrykk på guten å sjå det store, svarte skroget gli lydlaust inn til kaia. Men enda større inntrykk gjorde det å kjenna varmen og lukta frå byssa og maskinrommet.

Bestefaren til Harald var Torgeir Guntveit og han var båtsmann i HSD-båtane. Det er ikkje minst han som har inspirert Harald til IKKJE å verta sjømann. Det rådet har han NESTEN fylgt.....

Etterordet slår fast at Stord 1 skal bli eit attraktivt reise- og opplevelsestilbod på Vestlandet. Ein maritim kulturskatt skal bli levande og kalle fram minner frå ein 100 år lang epoke i rutebåttrafikken. Stord 1 er allereie godt på tur til målet

Av Ola Matti Mathisen